

Referent: Åge Avedal

Dato: 03.02.2022

Emne:	Referat frå møte i samarbeidskomiteen for frivilligheitas år 3. februar 2022	
Til stades:	Torgeir Toppe (VOFO Vestland), Kari Valle (Vestland frivilligsentralar), Marianne Hoff (Vestland Musikkråd), Trude Iversen (Bergen og Hordaland Turlag, representerer FNF Hordaland), Vibecke Magnus (FFO Vestland), Knut Songve (Vestland idrettskrets), Shahnaz Shefa Amin, Frank Tore Farsund Tveit, Kamilla Haugsbakk Lyssand, Ronny Skaar, Åge Avedal. Stian Skår Ludvigsen deltok frå kl. 14.30 (dei seks siste frå Vestland fylkeskommune).	
Forfall:	Inger Paulsen (Vestland Innvandrerråd), Geir Rune Rauset (FNF Sogn og Fjordane)	Sak: 2022/1315 - 6
Møtetid:		Møtestad:

**Møteleiar:** Ronny Skaar

### 1. Kort gjennomgang av referat frå siste møtet (6. januar 2022)

Referatet vart gjennomgått og godkjent.

### 2. Orientering om forslag til tilskotsordning i Frivilligheitas år

Det vart orientert om forslaget til retningslinjer for tilskotsordning i Frivilligheitas år. Desse var sendt ut lag med kalenderinnkallinga i forkant av møtet. Saka blir lagt fram for vedtak i hovudutval for kultur, idrett og integrering 16. februar.

### 3. Innspel til statuttar og rammer for frivilligprisen i Vestland

Forslag til statuttar og rammer for frivilligprisen vart lagt fram. Desse var også sendt ut i forkant av møtet. Innspel som kom opp under møtet:

- Fint å løfte fram frivilligheita på denne måten. Bør juryen peike ut ein leiar? Vi tek konstituering av juryen inn i kriteria.
- Frivilligheita er svært mangfaldig, så sjølvstøtt vanskeleg å kåre éin vinnar - men veldig fint for å synleggjere frivilligheita og bra å dele ut prisen på Kulturkonferansen i Vestland.

### 4. Innspel til Frivilligkonferansen i juni og Kulturkonferansen til hausten

Førebels plan for konferanse 10.-11. juni vart presentert.

Innspel som kom opp under møtet:

- Bør konferansen vere hybrid, mtp. at enkelte er i risikosona for koronasmitte?
- Kan vere bra å ha frivilligkonferansen i Sogndal når Kulturkonferansen er tenkt i Bergen.
- Positiv tilbakemelding på å samarbeide om frivilligkonferansen. Organisasjonane må avklare dette i styra.
- Det er Kultur natt i Førde 10. juni, så kanskje konferansen kan vere der?
- DNT har landsmøte same helg, så det inneber kollisjon.
- Fylkeskommunen vil vere sekretariat og ta mykje ansvar for det praktiske, medan organisasjonane bidrar spesielt til det faglege og i informasjonsarbeidet.

- Bør også vurdere Sunnhordaland / Stord som stad for konferansen.

**Vedtak:** Paraplyorganisasjonane avklarar i styra sine om dei vil vere samarbeidspart i konferansen til neste møte. Arbeidsutvalet lagar eit forslag til rammeprogram for konferansen til neste møte.

## 5. Innspel til formidlings- og informasjonsarbeid om Frivilligheitas år

Idear til informasjonsarbeid vart presentert. Send gjerne innspel til Åge på e-post.

Arbeidsutvalet lagar forslag til kommunikasjonsplan for FÅ 2022 til neste møte i samarbeidskomiteen.

## 6. Runde rundt – kva skjer i (paraply)organisasjonane?

- Elin Molven orienterte frå møte mellom Frivillighet Norge og fylkeskommunane om FÅ 2022. Det er stor aktivitet over heile landet og god synleggjering. Positiv stemning, alle vil bidra! Informasjon om Frivillighetens museum, som blir lansert digitalt 14. februar (bad om innspel) – også aktuelt som vandreutstilling. Ønskjer å ha kortfilmar om FÅ 2022 på skjermar på t.d. tannlegekontor. Runde rundt frå fylkeskommunane – stort engasjement og mykje som skal skje.
- Vestland frivilligsentralar skal ha årsmøte 7. april med m.a. fagdel. Viktig sak er ny forskrift for frivilligsentralar. Frivilligsentralane har sine VÅRDAG-arrangement 21. mai og tida rundt. Er stor blest og engasjement om FÅ 2022 i frivilligsentralane lokalt.
- Vestland idrettskrets vil synleggjere FÅ 2022 gjennom sosiale media. Bruke eksisterande arrangement, t.d. NM-veka. Idrettskretsting i Førde 2. april med frivilligheit som fagtema. VÅRDAG: Dato er ikkje sett, men administrasjonen skal finne dette og oppmodar lokale lag om å søkje om midlar til dette.
- Bergen og Hordaland turlag har frivilligheitas dag 22. mai under 7. fjellsturen, med stand i Marken. Har «vekas frivillig» i sosiale media. Planlegger frivilligheitssamling ei helg. Skal lage film om frivillige i DNT m.m.
- Vestland musikkråd skal ha stor konsert og arrangement 1. oktober i Bergen. Fleire av medlemsorganisasjonane er i gang med å planlegge VÅRDAG. Ønskjer samarbeid med andre organisasjonar for å rekruttere og jobbe i lag.
- VOFO hadde læringskonferansen digitalt for nokre veker sidan. VOFO har eit pågåande arbeid med organisasjonsendring på fylkesnivå.
- FFO vil ha nasjonal markering under FN-dagen for funksjonshemma 3. desember. Ønskjer å informere om og ha kurs om FN-konvensjonen om funksjonshemma i kommunane for Vestland. Vil søkje på VÅRDAG-midlar lokalt. Vil fri til turlaga om samarbeidsarrangement.

## 7. Orientering om Barnefamiliepanelet

Stian Skår Ludvigsen frå seksjon for statistikk, kart og analyse i VLFK orienterte om Barnefamiliepanelet. Bergen kommune har invitert fylkeskommunen til å bli med i undersøkingane, med panel/undersøkingar over heile fylket. Er i gang å planlegge pilotprosjekt i Vestland.

Dei som ønskjer det, er invitert til å delta i innspelsmøte torsdag 10. februar kl. 13-15 der tema er utforming av spørsmål. Dei som er interessert i å delta melder frå om dette til Åge. Samarbeidskomiteen er også invitert til å ta del i evalueringa av panelet når piloten er gjennomført.

## 8 .Eventuelt

Møteplan vidare for samarbeidskomiteen:

Onsdag 2. mars kl. 9 – 11

Onsdag 20. april kl. 9 – 11

Onsdag 25. mai kl. 13 – 15

Åge Avedal, referent